

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Deres ref.:  
Vår ref.: 11683675

Dato: 09.05.2016

### Svar på høyring om søknadar om løyve til å byggje 4 kraftverk i Vaksdal kommune, Hordaland

Visar til brev frå NVE 03.februar 2016 som omhandlar søknadar om løyve til å byggje 4 småkraftverk i Vaksdal. Alle dei aktuelle kraftverka er i BKK Nett sitt utgreiingsområde, og i vårt distribusjonsnett.

BKK Nett er utgreiingsansvarleg for det regionale kraftsystemet i «BKK-området og Indre Hardanger» og er i tillegg netteigar av regional- og sentralnettet i denne regionen. BKK Nett er òg eigar av store delar av distribusjonsnettet i denne regionen.

I våre gjeldande nettutviklingsplanar vil alle dei 4 kraftverka, Fjellfossen, Nonstadgilet, Steinsedalselvi og Leirofossen, alle mate sin produksjon mot transformering i Myster. Transformeringa i Myster er passert i Myster kraftverk som er eigd av BKK Produksjon, der BKK Produksjon òg eig transformator T1: 142/12,5 kV, medan BKK Nett eig transformator LT1: 22/12,5 kV på 5 MVA. Transformatoren 142/12,5 kV er dimensjonert i forhold til installert effekt i Myster kraftverk, og sidan Myster er eit elvekraftverk, vil det kunne verta kapasitetsproblem ved tilkopling av nye uregulerte kraftverk. Den tekniske løysinga i stasjonen er basert på leveranse til 22 kV nettet, ikkje på innlevering frå kraftverk på 22 kV nettet.

BKK Nett har vurdert ulike tekniske løysingar for å etablere naudsynt nettkapasitet til nye kraftverk i området. På grunn av plassmangel og delt eigarskap i eksisterande kraftstasjon i Myster, er det ikkje aktuelt å erstatte eksisterande transformator med ein større. Det kan difor verta naudsynt å etablere ein ny transformatorstasjon på ein annan plassering i området, dersom mengda ny produksjon som vert realisert i dette området tilseier det. Det er p.t. ikkje søkt konsesjon for å etablere ny transformatorstasjon i området, men me planlegg å sende konsesjonssøknad for dette i løpet av 2016.

For å kunne gje nettilknytning til alle dei planlagde kraftverka i vårt området er det naudsynt å bygge ut nettet. Øvrige netttiltak i regional- og sentralnettet, i tillegg til dei som er omtala over, er presentert i Kraftsystemutgreiinga (hovudsakeleg i tabell 5.1 og 6.5), som ligg på [www.bkk.no/kraftsystem](http://www.bkk.no/kraftsystem).

BKK Nett har òg gjort ein analyse for å kartlegge nødvendige tiltak i distribusjonsnettet for å etablere nettkapasitet til alle kjente kraftverk i vårt område. Analysen vart ferdigstilt i slutten av februar, og me har fortløpande kontakt med kraftverksutbyggjarar om resultatane i denne analysen. Alle kraftverka som er omtala i denne saka inngår i denne analysen.

Venleg helsing  
BKK NETT AS



Jan Ness  
Seksjonssjef



Ruth Helene Kyte  
Rådgjevar